

Ufornuftig investering

Statnetts planlagde kraftline frå Namsos til Surnadal/Orkdal for å transportere vindkraft vil koste ca 3,2 milliardar (Storheia – Surnadal/Orkdal: 2,3; Namsos-Roan: 0,5; Roan-Storheia: 0,4). Dette er store summer, og ein bør spørja kor mykje energi vi kan få tilgjengeleg i Midt Noreg dersom vi i staden bruker denne investeringa til energieffektivisering.

Når Enova gir 0,2 – 0,5 kr/kWh i tilskot, så er det tilstrekkeleg til at det blir lønsamt for bedrifter, kommunar og private å investere i tiltak for energieffektivisering. Dersom Statnett gir tilskot til energieffektivisering i staden for å byggje ny kraftline, så kan vi få 5 – 6 TWh tilgjengeleg energi i Midt Noreg. Då er det rekna med større tilskot enn det som Enova gir. Dette er like mykje energi enn det som dei planlagde vindkraftanlegga skal gje, og kostnaden for Statnett og oss blir den same.

Då vil eg stille følgjande spørsmål:

Kva er mest fornuftig og samfunnsmessig rett, å byggja ei kraftline og mange vindkraftanlegg som raserer naturen, eller å bruke kraftlinekostnadene som stønad til energieffektivisering, og få like mykje energi som dei planlagde vindkraftanlegga skal produsere?

Mads Løkeland

Naturvernforbundet i Sør Trøndelag